



## LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

### ÅRSMELDING 2014

Årsmøte i lagshytta på Kleppa  
fredag 27.februar 2015 Kl.19:00



Fuglekassebygging i sløydsalen på Leikanger Barneskule

Foto:Svein Inge Lundheim

*Jakt-, fiske- og friluftsliv-glede til alle – for alltid!*

# ÅRSMØTE

Lagshytta på Kleppa

Fredag 27. februar 2015 kl. 19:00

## SAKLISTE:

1. Godkjenning av møteinkalling.
2. Val av møteleiar og skrivar.
3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.
4. Årsmelding.
5. Rekneskap.
6. Val.

### 7. Val av 3 utsendingar til årsmøte i NJFF-Sogn og Fj.

*Forslag frå styret: Ingeborg Sivertstøl, Svein Inge Lundheim og Kim Vidar Bakken.*

### 8. Medlemskontigenten 2016.

*Forslag frå styret: Ingen auke i 2016*

### 9. Info. om aktivitetar i 2015.

*Aktivitetskalender for 2015*

*Dugnad: Ferdigstilling av sportianlegg, grillhytte og  
trastadalshytta.*

*Info. om hjortejakt i Skjolden og Huksdalen.*

### 10. Innkomne saker.

*Ingen innkomne saker.*

**Nestleiar/sekretær i NJFF-Sogn og Fjordane,**

**Bjarne Huseklepp**

**informerer om nytt frå NJFF**

**Etter årsmøtet vert det enkel servering,  
og sosialt samver!**

**Nye og gamle medlemmar er velkomne!**

# **Leikanger Jakt- og Fiskelag**

## **ÅRSMELDING 2014**

**Styret** har i 2014 vore samansett som følgjer:

Leiar: Svein Inge Lundheim  
Nestleiar: Ole Simen Nesdal  
Kasserar: Håkon Nesse  
Sekretær: Kjell Erik Strand  
Kvinnekontakt: Ingeborg Sivertstøl  
Varamedlem: Sverre Fjøsne

I tillegg møter leiarane for utvala på styremøte (sjå side 4).

Ved årsskiftet hadde laget 321 medlemmer, som utgjer ca.14 % av innbyggjarane i Leikanger Kommune. Det er ein nedgang på 7 medlemmar i 2014.

### **Møte og samlingar:**

Det er halde 3 styremøte der det vart handsama til saman 56 saker.

Leikanger jfl er fortsatt representert i Sogn og Fjordane NJFF i året som har gått. Per Norstein er leiar i fylkesstyret. Oliver Prøven og Odd Rune Våge er medlemmar i hundeutvalet for *hårvilt* og Svein Inge Lundheim er leiar i fylkesutvalet for *jaktskyting*.

Ved årsmøte i NJFF-Sogn og Fjordane 28. og 29. mars på Alexandra Hotel i Loen var Ole Simen Nesdal, Ingeborg Sivertstøl og Svein Inge Lundheim utsendingar frå Leikanger jfl.

Ingeborg Sivertstøl var med på jentesamling 15.og 16.august på Fosseheimen Naturpark i Viksdalen.

På tillitsvaldsamling på Jakt og Fiskesenteret på Flå 31.10 – 2.11 var Kjell Erik Strand, Kim Vidar Bakken og Svein Inge Lundheim deltakarar.

Kjetil Berg representerer Leikanger jfl i ”folkehelserådet” i Leikanger Kommune.

### **Generelt:**

I 2014 kan me også konstantera at året hadde vore eit positivt år for Leikanger Jakt- og Fiskelag. Til liks med åra før har det vore gjennomført ei rekke tiltak – me viser til ei oppsummering av aktivitetar annan stad i årsmeldinga. Men sett frå styret sin ståstad, har året vore prega av større konkurranse frå ”Saften” og andre om deltakarane på aktivitetane. Det viser også at familieaktivitetar fortsatt samlar flest deltakarar. I framtida må laget gå inn i meir samarbeid med speidaren, Barnas Turlag og andre.

Laget har vist at det maktar å gjennomføre gode tiltak. Tilliten dette skapar gjev grunnlag for nye positive tilsegn. Styret nyttar høvet til å takke alle som bidreg i prosjekt og aktivitetar av ulike slag.

Økonomisk har også 2014 vore eit godt år. Det tryggar drifta på alle måtar. Samstundes har mykje av inntektene kome i form av tilskot til ulike aktivitetar, sjå nedanfor.

### **Gåver, tilskot og dugnadsinntekter:**

Ei stor takk til våre samarbeidspartnarar som me har fått tilskot/støtte frå:

• Norsk Tipping - Grasrotanndelen	13.340,-kr
• Link Bingo	92.002,-kr
• Leikanger Kommune – tilskot frå kulturmidlane	5.000,-kr
• NJFF-Sogn og Fjordane: Barn- og ungdomsprisen	5.000,-kr
• NJFF- ”Fiskesommer”	10.000,-kr
• NJFF- Frifond midlar til barn- og ungdomsarbeid i 2013/14:	20.938,-kr

- Sparebankstiftelsen Sogn og Fjordane (Tilskot til grillhytte) 53.000,-kr
- Sogn Avis – sponsoravtale med gratis annonsering inntil (eks.mva.) 20.000,-kr

I tillegg vil laget rette ei stor takk til Lerum, Marine Harvest, Årskog Bakeri, Leikanger Bokhandel, Sogn Tavle og Datamonitoring, Kiwi, Prix, Coop-Byggmix, Bama, Sogn Røyr og andre bedrifter som bidreg med støtte til lagsarbeidet vårt.

I 2014 har laget gjort ein del invisteringar og innkjøp av:

- Vedkappsag, sirkelsag og stikksag.
- Frysedisk 400l.
- Skot og leirduer.
- Hundefør.

I 2014 sett laget opp ei grillhytte på 17 kvadratmeter, som skal brukast til barnehagen, skulane, speidaren, barnas turlag og til utelege.

### **Kurs, trening og konkurransar:**

- Jegerprøvekurs – 12 deltagarar.
- Bra aktivitet m/instruksjon på leirduebane.
- Skytetrening på jaktfelt.(avtale om bruk av skytebane i Eivaldgjerde)
- 1 kurs i aversjondressur (el.halsband) -
- Åtejakt på rev.
- Fellefangst på mår.
- ”Indre Sogn Cup” (50 skot) i lag med Luster jfl.
- Lagsmeisterskap i jegertrap og leirduesti.
- Duellen mellom skyttarlaget og jakt og fiskelaget.
- Vårsprellen- sjøfiskekonkurranse.
- Fiskekonkurranse på Fjærlandset.
- Blodsporkonkurranse - 12 stk deltagarar.

Som det går fram av opplistinga over, har det vore bra aktivitet på leirduebane. Instruktørar og standplassansvarlege på leirduebane har vore Odd Reksnes, Emil Røysum Skartun, Nils Olav Laneteig, Per Norstein, Håkon Nesse, Ole Simen Nesdal og Svein Inge Lundheim.

På fiskekonkurranse på Fjærlandste fekk Gjermund Høgheim største auren (326g) på flugestang og han fekk det tredje nappet i vandrepokalen ”Flugefiskaren” og dermed pokalen til odel og eige. Den største auren på 569g i konkurransen fekk Jakob Holen Eikeland og flest fisk fekk Magne Ophun med 14 stk.

Vinnaren av ”Vårsprellen” vart Jan Egil Gjøringbø som fekk ein torsk på 1085gr. Han fekk det tredje nappet i vandrepokalen og fekk han til odel og eige.

Nils Olav Laneteig vart lagmeistar jegertrap med 25 tr. Odd Reksnes vart vinnar i jegerklassen med 23tr. og Joakim Laneteig vart vinnar i juniorklassen med 22tr..

I leirduesti vart Frode Husum lagsmeistar med 22tr. Odd Reksnes vart vinnar i jegerklassen med 12 tr. Og Stian Lunde Nesdal vart best i juniorklassen med 4tr.

I ”Våpenlofte cup 2014” (jaktfelt) vart Helge Fimreite vart best i JC-klassen med 381p.

I LM-jegertrap fekk Frode Husum bronse med 70tr. I lagskyting fekk Leikanger jfl gull med 140 tr. Med på laget var: Frode Husum, Nils Olav Laneteig og Arve Lingjerde.

I LM-leirduesti fekk Frode Husum sølv med 84 tr.

Nils Olav Laneteig tok storeslem og vart ”Systronds beste skyttar” med 49 treff samanlagt etter å ha vunne på leirduebane med 25 tr. og på 100m med 24 tr.(240p). Han fekk sitt femte napp i vandrepokalen og fekk den til odel og eige.

I Duellen vann Jakt- og fiskelaget lagkonkurransen med 285 poeng mot skyttarlaget’s 252.

I fangstkonkurransen vart Per Røysum vinnar av mårklassen med 7 mårar. Ellers hadde Bjarne Sjøthun 5 mårar og Terje Verlo 1 år. Bjarne Sjøthun trekte gavekortet på 900,-kr. I klassen for rev hadde Per Røysum 4 revar, Bjarne Sjøthun 2 revar, Tom Andre Husabø 1 rev og Terje Verlo den største på 5975g. Ved trekkinga av gavekortet på 900,-kr vart Per Røysum vinnar.

1.juni arrangerte Leikanger jfl blodsporprøve. Det vart lagt 12 løyper i Engjaseteområde.

### **Jaktprøvar og utstillingar for hundar:**

*Kvalhornets Aura* (rase:Alpinsk Dachsbracke) eigalar Odd Rune Våge og Ingeborg Sivertstøl.

**Bruksprøve:** Blodspor bevegeleg. 1.pr, førar Ingeborg Sivertstøl.

Ferskspor, 9 poeng førar Ingeborg Sivertstøl.

Blodspor ordinær. 1.pr, førar Odd Rune Våge.

Ferskspor, 9 poeng førar Odd Rune Våge. Dvs. 2 godkjente ettersøksekvipasjar.

**Utstilling:** 1/3 – Knarvik - VG.JK1.JKK. 5/4 – Bergen - G.JK. 26/4 – Nausdal – S.JK.

### **Instruktørar:**

Jegerprøvekurset er ein av dei viktigaste kursa me held. Jegerprøveinstruktør-korpset på sju består av Inge Yttri , Ole Simen Nesdal, Håkon Nesse, Per Norstein, Sverre Fossen, Kim Vidar bakken og Odd Rune Våge.

Kim Vidar Bakken er småvilttaksør.

”Godkjente” instruktørar i hagleskyting er Emil Røysum Skartun og Nils Olav Laneteig.

Instruktørar i aversjondressur er Kurt Laneteig, Bjørn Monsen, Øyvind Husabø, Jon Husabø og Robert Brenden.

### **Andre aktivitetar:**

Også i 2014 er ei lang rekke meir eller mindre tradisjonsrike arrangement gjennomført.

Desse er lista opp under.

Leikanger jfl har fortsatt ”partnarskapsavtalen” med barnehagane i Leikanger Kommune.

Aktivitetane som inngår i avtalen er garnfiske i Sognefjorden og fisketur til Flotande.

Fisketuren til Flotande vart flytta til Pilavika pga. stor elv. Her fekk alle barna utdelt kvar si nye haspelstang frå jakt- og fiskelaget.

Når mange av desse aktivitetane går på dagtid er det godt å ha ivrige pensjonistar og andre i medlemsrekken som stiller opp og hjelper til. Stor takk til Kjell Vangsnes, Inge Yttri, Sverre Fossen, Leif Frækaland, Ivar Ness, Oddvar Lundheim, Arne Rosenlund, Knut Egil Sundet, Kim Vidar Bakken, Terje Verlo og Eivind Røysum . I tillegg var Bjarne Sjøthun, Kjetil Berg og Svein Inge Lundheim med frå styret.

- Medlemeskveld m/isfiske som tema.
- Isfisketur til Dalavatnet.
- Fisketur med barnehagen i Pilavika. (Partnarskapasavtale)
- Livet i Pilavika m/fiskeklubben, aktivitetsdag for alle.
- Garnfiske med barnehagen. (Partnarskapasavtal).
- Fisketur med 7.klassen til Flotande.
- 2 sjøfisketurar med ungdomsskulen.
- «Jakttskytingens dag» gratis skyting.
- Friluftsdag «Fri Moro» på Kleppa i lag med kommunen og speidaren.
- Fiskesommer i småbåthamna: verving og utdeling av gratis fiskeutstyr til barna.
- Stenden vår på ”Fruktbare dagar”, er vorte svært populær og ein av dei mest besøkte.
- Div. duggnad er gjennomført i året som er gått, om lag 15-20 har delteke. I fare for å gløyma nokon, vert ikkje nokon nemde.

### **Andre tilbod til medlemmene:**

Leikanger jfl forhandlar fortsatt ”Sportsman`s pride” hundefør. Det er 4 typar hundefør i 15kg sekker som er til salg til medlemar i NJFF. Salget går fortsatt bra og i 2014 er det selt 2910kg hundefør, 225kg kattefør og i tillegg kjem sal av førtønner og hundekjeks.

Leikanger Jakt- og Fiskelag har 15% rabattavtalar for medlemane med Ering Røysum og Intersport i Sogndal ( gjeld jakt-, fiske- og friluftsutstyr hjå begge).

I desember gjennomførde me eit vellykka kurs i røyking av laks, med Kjetil Berg som ansvarleg. Ca. 15 deltagarar var med på heile prosessen: filetering, salting, tørking, røyking og vakumpakking. Marine Harvest sponsa 26 laks på 4-5kg til prosjektet (verdi ca.7.000,-kr) Det vart delt ut vakumpakka laksestykker til medlemmar og andre som har bidrige i 2014.

Leikanger jfl inngjekk ein ny avtale med Per-Arvid Hauge om kjøp av 5 stk hjorteløyver i Luster Kommune. Omlag 7-8 jegrar var med å jakta. Det vart felt ein bukk og eit ungdyr. Leikanger jfl fekk også tilbod på 7 stk hjorteløyver av grunneigarane i Huksdalen. Då alle løyva var felte, fekk me tildelt 2 ekstaløyver. Ca.10-15 jegrar var med på jakta. Hjortejakten i Huksdalen er godt egna til jaktopplæring. Nesten alt kjøttet vart seldt.

I 2014 har det vore 31 overnattingar i Trastadalshytta, som er ny rekord. Det vart utført dugnadsarbeid på Trastadalshytta av Kjetil Berg, Eivind Røysum, Kim Vidar Bakken, Lounes Riise og Jan Magne Vigdal.

Lagshytta, badestampen og leirduebana har vore leigt ut både til medlemmer, bedrifter og andre.

Samlinga av utstoppa dyr og fuglar i lagshytta på Kleppa består no av: jerv, oter, raurev, gråspett, mår m/gauk i kjeften, sporvehauk, kattugle, tiur, nøtteskrike, 2 røysekattar, 2 dompappar, grønfink, storskarv, smålom og fossekall.

## **Utvala i 2014**

### **FISKEUTVALET**

Leiar: Jan Magne Vigdal  
Medlem: Lounes Riise  
Medlem: Kevin Viken  
Medlem: Eivind Røysum

### **JAKTUTVALET**

Leiar: Bjarne Sjøthun  
Medlem: Per Olav Henjum  
Medlem: Per Norstein  
Medlem: Terje Verlo

### **LEIRDUEBANEUTVAL**

Leiar: Svein Inge Lundheim  
Medlem: Odd Reksnes  
Medlem: Emil Røysum Skartun  
Medlem: Nils Olav Langeteig

### **UNGDOMSUTVALET**

Leiar: Kjetil Berg  
Medlem: Bjørn Ove Steig  
Medlem: Inger Ness  
Medlem: Ole Simen Nesdal

### **HUNDEUTVALET**

Leiar: Jon Husabø  
Medlem: Bjørn Monsen  
Medlem: Oliver Prøven  
Medlem: Odd Rune Våge

# Styret og tillitsvalde i Leikanger Jakt- og Fiskelag 2014

Forklaring: B = på val 2015 A = ikkje på val 2015

## Styret:

Kategori:	Verv:	Namn:	Forslag:	Telefonnr.:
B	Leiar	Svein Inge Lundheim	<i>attval</i>	90605267
A	Nestleiar	Ole Simen Nesdal		99607677
A	Kasserar	Håkon Nesse		97511639
B	Sekretær	Kjell Erik Strand	<i>attval</i>	95191905
B	Varamedlem	Sverre Fjøsne	<i>Kim Vidar Bakken</i>	90639848
A	Kvinnekontakt	Ingeborg Sivertstøl		

## Jaktutval:

A	Leiar	Bjarne Sjøthun		90957245
A	Medlem	Per Olav Henjum		91333305
B	Medlem	Per Norstein	<i>attval</i>	48182680
B	Medlem	Terje Verlo	<i>attval</i>	41525303

## Fiskeutval:

B	Leiar	Jan Magne Vigdal	<i>attval</i>	95259791
A	Medlem	Lounes Riise		92297925
B	Medlem	Kevin Viken	<i>Kjetil Berg</i>	95195443
A	Medlem	Eivind Røysum		95927891

## Leirduebaneutval:

A	Leiar	Svein Inge Lundheim		90605267
A	Medlem	Odd Reksnes		95758559
B	Medlem	Nils Olav Langeteig	<i>Are Sangvik Grandal</i>	90881288
B	Medlem	Emil Røysum Skartun	<i>attval</i>	47641028

## Ungdomsutval:

B 1år	Leiar	Kjetil Berg	<i>Ole Simen Nesdal</i>	90277167
B	Medlem	Bjørn Ove Steig	<i>attval</i>	90740719
A	Medlem	Inger Ness		92870410
B	Medlem	Ole Simen Nesdal	<i>Kim Vidar Bakken</i>	99607677

## Hundeutval:

B	Leiar	Jon Husabø	<i>attval</i>	91308911
B	Medlem	Bjørn Monsen	<i>attval</i>	90590848
A	Medlem	Oliver Prøven		
A	Medlem	Odd Rune Våge		

## Revisor:

A		Sverre Fossen		95841004
B		Inge Yttri	<i>attval</i>	90593596

## Valkomite:

A	Leiar	Kjetil Berg	<i>Terje Verlo</i>	90277167
A	Medlem	Terje Verlo	<i>Kevin Viken</i>	41525303
B	Medlem	Kevin Viken		95195443

# LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

## REKNESKAPEN 2014

	2014	2013	2012
<b>UTGIFTER</b>			
Medl.kontingentar	1 200,00	2 590,00	900,00
Kurs/møter/seminar/samlingar	39 699,10	9 200,30	22 045,20
Trastadalshytta		579,40	3 188,10
Drift leirduebane	61 351,00	60 910,15	64 993,35
Drift lagshytte	44 724,60	25 956,92	58 572,17
Nybygg/dugnadsarbeid	83 014,25	163 449,83	0,00
Jakt og fangst	38 572,75	19 532,00	15 840,00
Barn/ungdomsaktivitet	25 191,30	13 245,50	13 924,00
Fiske-, hund- og jenteaktivitetar	5 355,45	1 811,00	2 226,50
Dyrefør	69 972,00	71 545,00	93 243,00
Diverse utgifter	85 259,05	148 881,80	107 149,14
<b>Sum utgifter</b>	<b>454 339,50</b>	<b>517 701,90</b>	<b>382 081,46</b>
<b>INNTEKTER</b>			
Medl.kontingentar	14 320,00	15 960,00	14 525,00
Kurs/møter/seminar/samlingar	20 288,00	22 492,00	35 996,00
Trastadalshytta	3 375,00	1 525,00	2 500,00
Drift Leirduebane	56 593,00	67 706,00	56 075,00
Drift lagshytte	30 075,00	20 300,00	18 900,00
Nybygg/dugnadsarbeid		6 475,00	6 200,00
Jakt og fangst	35 155,00	8 597,50	3 770,00
Barn/ungdomsaktivitetar	43 498,00	49 422,00	54 985,00
Fiske-, hund- og jenteaktivitetar	6 925,00	8 330,00	14 250,00
Dyrefør	78 526,00	95 370,00	97 116,00
Diverse inntekter	43 388,00	100 539,00	20 587,20
Sponsor/Gaver/Norsk tipping/Bingo	163 343,88	162 858,70	137 752,46
<b>Sum inntekter</b>	<b>495 486,88</b>	<b>559 575,20</b>	<b>462 656,66</b>
<b>Overskot</b>	<b>41 147,38</b>	<b>41 873,30</b>	<b>80 575,20</b>
<b>AKTIVA PR 31.12.2014</b>			
Sparebanken Sogn og Fjordane	290 588,92	254 713,54	273 511,24
Flugestenger, haspelstenger og div.fiskeutstyr	35 230,00	5 811,00	6 456,00
Skot, duer, premiar, artiklar for sal	61 040,00	47 400,00	43 813,75
4 stk lavvo, div.leirutstyr, feller og flugebittingutstyr	25 799,00	24 221,00	26 912,00
Lagshytte, 3 stk kastarhus, vedhus-lager og grillhytte	1 930 000,00	1 830 000,00	1 700 000,00
Leirduekastarar m/ utstyr, omformarar (220/24V)	70 047,00	77 829,00	86 476,00
Videospelar, overhead, stativ, lerret, vakum, laminering	8 163,00	4 625,00	2 916,00
DVD, 2 stk projektorar, høgtalaranlegg, skrivar/kopi, bærbar PC	14 769,00	16 409,00	12 676,00
5 stk hagle + luftgevær	24 645,00	27 383,00	24 314,00
Utstoppa dyr og fuglar	57 235,00	39 150,00	43 500,00
Quick-telt, gummibåt, 2 stk el-halsbånd, 2 stk viltkamera	20 725,00	20 250,00	22 500,00
Kasse med kontantar	1 350,00	895,00	995,00
Dyrefør	15 000,00	9 990,00	32 070,00
<b>Sum aktiva</b>	<b>2 554 591,92</b>	<b>2 358 676,54</b>	<b>2 276 139,99</b>
<b>PASSIVA PR 31.12.2014</b>			
Lån pr 01.01.2014	5 272,00	65 943,00	100 726,00
Avdrag	-5 272,00	-60 671,00	-34 783,00
Lån pr 31.12.2014	<b>0,00</b>	<b>5 272,00</b>	<b>65 943,00</b>

31.12.2014/26.01.2015


Rekneskapen er revidert, inntekter og utgifter samsvarar  
med bilaga.

18.02.15



# Leikanger Jakt- og Fiskelag

## Medlemsutvikling 1999-2014



# Aktivitetar 1. halvår 2015, Leikanger Jakt- og Fiskelag

<b>Januar 2015</b>	<b>Februar 2015</b>	<b>Mars 2015</b>	<b>April 2015</b>	<b>Mai 2015</b>	<b>Juni 2015</b>
13. Opning friluftlivets år 19. Fuglekassebygg. 18:00 26. Jegerprøven 18:00	2. Jegerprøven 18:00 9. Jegerprøven 18:00 23. Jegerprøven 18:00 27. Årsmøte 19:00	2. Jegerprøven 18:00 5. Jaktfeltskyting 17:00 9. Jegerprøven 18:00 <b>12. Jaktfeltskyting 17:00</b> 16. Jegerprøven 18:00 19. Jaktfeltskyting 17:00 20.-21. årsmøte njff s. fj. 23. Jegerprøven 18:00 26. jaktfeltskyting 17:00  ? 2 kveldar med flugebitting av sjøaurefluger  Jaktskyttarskule: 6 stk rifleskyting 6 stk hagleskyting	7. Kurs sjøaurefiske 8. Opning bane 18:00 13. Trening/leirdue 18:00 15. Jegerprøve-leirdue 16. Jegerprøve-100m 20.Trening/leirdue 18:00 21. Jaktfeltskyting 18:00 22.Trening/leirdue 18:00 24.-26. Hagleinstr. jenter 27.Trening/leirdue 18:00 28. Jaktfeltskyting 18:00 29.Trening/leirdue 18:00	3. Livet i Pilavika 12:00 4. Trening/leirdue 18:00 6. Trening/leirdue 18:00 11. Trening/leirdue 18:00 13. Trening/leirdue 18:00 18. Trening/leirdue 18:00 20. Trening/leirdue 18:00 25. Vårsprellen 12:00 26. Trening/leirdue 18:00 27. Trening/leirdue 18:00 30. Haglekurs jenter 31. Blodspor konkurranse	1. Trening/leirdue 18:00 3. Trening/leirdue 18:00 7. Indre Sogn Cup 8. Trening/leirdue 18:00 10. Trening/leirdue 18:00 15. Trening/leirdue 18:00 17. Trening/leirdue 18:00 22. Trening/leirdue 18:00 24. Trening/leirdue 18:00 29. Trening/leirdue 18:00  ?. 7.klasse- Flotande ?. Barnehagen-Flotande

## Aktivitetar 2. halvår 2015, Leikanger Jakt- og Fiskelag

<b>Juli 2015</b>	<b>August 2015</b>	<b>September 2015</b>	<b>Oktober 2015</b>	<b>November 2015</b>	<b>Desember 2015</b>
1. Trening/leirdue 18:00 5. Fiskesommer 12:00 25. Fiskekonk Fjærlandsete 31. Fisketur m/b.turlag	1.-2. Fisketur til Hallingskeisanden m/Barnasturlag 3. Trening/leirdue 18:00 5. Trening/leirdue 18:00 8. Leirduestemne 10. Trening/leirdue 18:00 12. Trening/leirdue 18:00 17. Trening/leirdue 18:00 19. Trening/leirdue 18:00 24. Trening/leirdue 18:00 26. Trening/leirdue 18:00 29. Duell 100m/hagle 14:00  ? . Lagm. jegertrap 17:00 ? . Lagm. sporting 17:00	2. Trening/leirdue 18:00 7. Trening/leirdue 18:00  ? . Garnfiske-barnehagen ? . Garnfiske-barnehagen  ? Aversjon/Ei-halsband  ? Parteringskurs	?. Stend-fruktbaredagar  ? Pølsekurser	?. Medlemskveld  ?. Fellefangst-mårt  ?. Åtejakt på rev	?. Medlemskveld  ? Røyking av laks/aure

# Årsmøtereferat Leikanger Jakt- og Fiskelag, lagshytta på Kleppa 27.februar 2015 kl.19:00

**Desse møtte:** Svein Inge Lundheim, Kåre Vangelsten, Jan Magne Vigdal, Kim Vidar Bakken, Ingeborg Sivertstøl, Odd Rune Våge, Vidar Frækaland, Håkon Nesse, Jon Husabø, Per Olav Henjum, Bjarne Sjøthun, Kjetil Berg, Kjell Erik Strand

## SAKLISTE:

### 1. Godkjenning av møteinkalling.

Ingen merknad

### 2. Val av møteleiar og skrivar.

Møteleiar: Svein Inge Lundheim

Skrivar: Kjell Erik Strand

### 3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.

Val: 1. Odd Rune Våge  
2. Ingeborg Sivertstøl

### 4. Årsmelding 2014

Ingen merknad

### 5. Rekneskap 2014

Rekneskapen vart godkjend

### 6. Val.

Innstilling frå valnemnda:

#### Styret:

Leiar:	Svein Inge Lundheim	attval
Sekretær:	Kjell Erik Strand	attval
Varamedlem:	Kim Vidar Bakken	ny

#### Jaktutval:

Medlem:	Per Norstein	attval
Medlem:	Terje Verlo	attval

#### Fiskeutval:

Leiar:	Jan Magne Vigdal	attval
Medlem:	Kjetil Berg	ny

#### Leiriduebaneutval:

Medlem:	Are Sangvik Grandal	ny
Medlem:	Emil Røysum Skartun	attval

#### Ungdomsutval:

Leiar:	Ole Simen Nesdal	ny 1år
Medlem:	Bjørn Ove Steig	attval
Medlem:	Kim Vidar Bakken	ny

#### Hundeutval:

Leiar:	Jon Husabø	attval
Medlem:	Bjørn Monsen	attval

**Revisor:**

Inge Yttri

attval

Alle val vart gjort samrøystes i samsvar med valnemnda si innstilling.

**Innstilling frå styret på valnemnd:**

Leiar : Terje Verlo  
Medlem: Bjarne Sjøthun  
Medlem:

Leiar og medlem vart valt samrøystes. Styret får fullmakt til å finne ein medlem.

**7. Val av 3 utsendingar til årsmøte i NJFF-Sogn og Fj.**

Førde 20. - 21. mars

Forslag frå styret:  
Svein Inge Lundheim, Kim Vidar Bakken og Ingeborg Sivertstøl

Alle vart valt samrøystes.

**8. Medlemskontigent 2016**

Framlegg frå styret:  
Ingen endring av kontingeneten for 2016

Samrøystes.

**9. Info. om aktivitetar i 2015.**

- Aktivitetskalender for 2015 vart delt ut og gjennomgått.
- Det vart orientert om dugnadsarbeid på Kleppa inkludert plan om ferdigstilling av sportianlegg, grillhytte og Trastadalshytta våren/somaren 2015
- Det vart informert om hjortejakt i Skjolden og Huksdalen.

**10. Innkomne saker.**

Ingen saker.

Årsmøtet slutt kl. 20.10

Servering av hjortekarbonadar laga av Kjetil Berg

Underskrift:

Odd Rune Våge

Odd Rune Våge

Ingeborg Sivertstøl

Ingeborg Sivertstøl